Høgskolen i Telemark
Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

009 Offentlig økonomi

22.05.04

Tid:	4 timer
Målform:	Bokmål og nynorsk
Sidetal:	3 inkl. forside
Hjelpemiddel:	Ikke-programmerbar kalkulator
Merknader:	
Vedlegg:	

Eksamensresultatene blir offentliggjort på følgende internettadresse:
http://www-bo.hit.no/af/eplanidx.htm

BOKMÅL

Oppgave 1 (30 %)

a) Forklar følgende begreper:
- offentlig forvaltning
- marginal betalingsvillighet
- avstemningsparadokset

b) Diskuter hvorvidt hvert av følgende goder er å regne som kollektivt, og hvorvidt det er eksterne virkninger forbundet med produksjon og/eller forbruk av godet:
- et lands forsvar
- helsetjenester
- en vei

Oppgave 2 (30 %)

a) Forklar hvorfor/hvordan skatt på arbeidsinntekter medfører et samfunnsøkonomisk effektivitetstap.

b) Betrakt et arbeidsmarked der N står for antall timeverk, w_{ES} er timelønn etter skatt og w_{LK} er bedriftenes lønnskostnad per timeverk. Tilbudet av arbeidskraft er beskrevet ved $N = 40w_{ES}$, og etterspørselen etter arbeidskraft er gitt ved $N = 10.000 - 10w_{LK}$. Illustrer og beregn effektivitetstapet dersom lønnsskatteprosenten er 25. Hvordan fordeles skattebelastningen mellom kjøpere og selgere av arbeidskraft?

c) Forklar forskjeller og likheter mellom Rawls rettferdsteori og tradisjonell utilitarisme. Ser du noen koblinger til spørsmålene ovenfor?

Oppgave 3 (40 %)

Anta at kostnadene (målt i antall millioner kroner) i revisorutdanning er gitt ved

$$K(X) = 200 + 0{,}5X$$

der X er "produktmengden" (antall ferdige revisorkandidater i løpet av et år). Etterspørselen etter denne utdanningen er gitt ved

$$X = 1000 - 200p$$

der p er prisen (i antall millioner kroner per kandidat) som de utdanningssøkende eventuelt betaler for utdanningen.

a) Diskuter hvorvidt det her foreligger et naturlig monopol.
b) Bestem – ut fra de gitte opplysninger – samfunnsøkonomisk optimal "produksjon" på området, og tilhørende samfunnsøkonomisk overskudd.
c) Diskuter hensiktsmessig offentlig virkemiddelbruk i den aktuelle sammenheng.
d) Anta at det offentlige tar ansvaret for utdanningen. Diskuter mulige grunner for dette utover de som er anført ovenfor. Relater til begreper i offentlig økonomi.
e) Hva menes med Niskanen-preferanser? Diskuter/forklar relevans og beregn mulige utfall ved slike preferanser i den aktuelle sammenheng.

NYNORSK

Oppgåve 1 (30 %)

c) Gjer greie for følgjande omgrep:
- offentleg forvaltning
- marginal betalingsvilje
- avstemningsparadokset

d) Diskuter kor vidt kvart av følgjande gode er å rekne som kollektivt og kor vidt det er eksterne verknader i samband med produksjon og/eller forbruk av godet:
- forsvaret til eit land
- helsetenester
- ein veg

Oppgåve 2 (30 %)

a) Gjer greie for kvifor/korleis skatt på arbeidsinntekter fører til eit samfunnsøkonomisk effektivitetstap.

b) Sjå på ein arbeidsmarknad der N står for talet på timeverk, w_{ES} er timelønn etter skatt og w_{LK} er lønnskostnad per timeverk for verksemdene. Tilbodet av arbeidskraft er gitt ved $N = 40w_{ES}$, og etterspurnaden etter arbeidskraft er gitt ved $N = 10.000 - 10w_{LK}$. Illustrer og rekn ut effektivitetstapet dersom lønsskatteprosenten er 25. Korleis blir skattebelastninga fordelt mellom kjøparar og seljarar av arbeidskraft?

c) Gjer greie for skilnader og likskapar mellom Rawls rettferdsteori og tradisjonell utilitarisme. Ser du nokre koplingar til spørsmåla ovafor?

Oppgåve 3 (40 %)

Gå ut frå at kostnadene (målt i millionar kroner) i revisorutdanning er gitt ved

$$K(X) = 200 + 0{,}5X$$

der X er "produktmengda" (ferdige revisorkandidatar i løpet av eit år). Etterspurnaden etter denne utdanninga er gitt ved

$$X = 1000 - 200p$$

der p er prisen (i millionar kroner per kandidat) som dei utdanningssøkande eventuelt betaler for utdanninga.

a) Diskuter kor vidt det her ligg føre eit naturleg monopol.
b) Finn – ut frå de gitte opplysningar – samfunnsøkonomisk optimal "produksjon" på området, og tilhøyrande samfunnsøkonomisk overskot.
c) Diskuter føremålstenleg offentleg virkemiddelbruk i den aktuelle samanheng.
d) Gå ut frå at det offentlege tar ansvaret for utdanninga. Diskuter moglege grunnar for dette utover dei som er diskutert ovafor. Relater til omgrep i offentleg økonomi.
e) Kva er meint med Niskanen-preferansar? Diskuter/gjer greie for relevans og rekn ut moglege utfall ved slike preferansar i den aktuelle samanheng.